



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
65/23	Nærings- og miljøutvalet	06.11.2023
109/23	Formannskapet	20.11.2023
89/23	Kommunestyret	23.11.2023

Bygging av reinseanlegg for avløp i Hareid sentrum - val av tomt

Samandrag:

Hareid kommunestyre har i handlingsprogram og budsjett vedteke bygging av reinseanlegg i Hareid sentrum. Det viser seg no at tomta som er regulert til reinseanlegg er for liten og ein har derfor sett på alternative tomter for bygging av anlegget.

Kommunestyret 23.11.2023

Nye framlegg:

Jeanette Teigene (Frp) stilte spørsmål om gildskapen sin då ho er indirekte eigar av eit firma som er deleigar av tomta som er mest aktuell for reinseanlegg

Jeanette Teigene gjekk frå møtet, medan vara Harald Teigene kom til.

Jeanette Teigene blei samråystes kjend ugild med heimel i forvaltningslova paragraf 6, andre ledd (andre særeigne forhold).

Røysting:

Samråystes for formannskapet si innstilling.

Jeanette Teigene tok plass i møtet igjen.

KST - 89/23 Vedtak

Hareid kommunestyre tek strategidokumentet frå Asplan Viak til vitande og ber om at det vert sett i gong ein prosess med regulering og grunnforhandlingar med sikte på å etablere avløpsreinseanlegg primært på ny tomt primært på Rafffeneset eller i den rekkjefølge som er tilrådd i strategidokument. Samstundes vert det sett i gong arbeid med bygging av ny pumpestasjon og overføringsleidningar til det nye anlegget.

Kommunedirektøren si tilråding:

Hareid kommunestyre tek strategidokumentet frå Asplan Viak til vitande og ber om at det vert sett i gong ein prosess med regulering og grunnforhandlingar med sikte på å etablere avløpsreinseanlegg primært på ny tomt primært på Rafffeneset eller i den rekkjefølge som er tilrådd i strategidokument. Samstundes vert det sett i gong arbeid med bygging av ny pumpestasjon og overføringsleidningar til det nye anlegget.

I samband med godkjenning av saksframlegg og etter ønskje fra kommunalsjef har hamnesjef gitt følgjande skrifteleg uttale datert 02.11.2023:

Viser til spørsmål til underteikna om plassering av reinseanlegg i Hareid kommune. Hamnemynde i Hareid kommune er delegert til hamnesjefen og eg vil gi uttale om tiltaket ut frå føreseggnene i Havne- og farvannsloven, når tida kjem for dette. Slik eg forstår det så dreier det seg i denne omgang om ein uttale om kor vidt det kan verte moglege fordelar, ved å tenke ein kombinasjon av reinseanlegg og kaianlegg (cruisekai) i det same området.

Ut frå Asplan Viak sitt strateginotat synast det som om alternativet Raffelneset 2 skil seg ut på ein positiv måte både med omsyn til plassering og med omsyn til kostnader. I strateginotatet finn ein og ein uttale frå losvesenet, som indikerer at det i det same området kan verte mogleg å etablere kaifasilitetar for større cruiseskip.

Raffelneset 2 er eit område som heilt uavhengig av eventuelt reinseanlegg er vurdert av underteikna som eit aktuelt område for bygging av cruisekai. Hamnesjefen er, med basis i nemnte strateginotat, positiv til at Raffelneset 2 vert vurdert som aktuelt for reinseanlegg i kombinasjon med cruisekai.

Merknad til uttale frå sakshandsamar: Ansvaret til kommunalteknikk er først og fremst å iverksette vedtak om bygging av avløpsreinseanlegg. Planane om etablering av cruisebåthamn er vurdert i strateginotatet og ettersom området også peikar seg ut som eit aktuelt område for dette formålet vil dette truleg måtte takast omsyn til i planprosessen.

Vedtak som innstilling frå Nærings- og miljøutvalet, 06.11.2023 - 65/23

Nærings- og miljøutvalet si tilråding frå møte 06.11.2023:

Hareid kommunestyre tek strategidokumentet frå Asplan Viak til vitande og ber om at det vert sett i gong ein prosess med regulering og grunnforhandlingar med sikte på å etablere avløpsreinseanlegg primært på ny tomt primært på Raffelneset eller i den rekkjefølge som er tilrådd i strategidokument. Samstundes vert det sett i gong arbeid med bygging av ny pumpestasjon og overføringsleidningar til det nye anlegget.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet, 20.11.2023 - 109/23

Formannskapet innstiller på at:

Hareid kommunestyre tek strategidokumentet frå Asplan Viak til vitande og ber om at det vert sett i gong ein prosess med regulering og grunnforhandlingar med sikte på å etablere avløpsreinseanlegg primært på ny tomt primært på Raffelneset eller i den rekkjefølge som er tilrådd i strategidokument. Samstundes vert det sett i gong arbeid med bygging av ny pumpestasjon og overføringsleidningar til det nye anlegget.

Vedlegg:

Strategisk notat, 10.10.23
RA Hareid - Kostnadskalkyle
Forprosjektrapport

Saksopplysningar:

Alt kommunalt avløp i Hareid kommune går i dag ureinsa til sjø. Det meste av avløpet i Hareid sentrum renn ut under godsterminalkaia på ytre Hareid gjennom leidningar etablert på 70 talet som vart lagt før godsterminalen vart bygd og deretter fylt over med fleire meter med masse. Hovudleidninga som går omlag 200 meter ut til 10 meter djupne har no kollapsa og er uråd å reparere, avløpet renn dermed ut i eit overløp like under kaia og det er også teikn til problem med dette avløpet. Det andre utsleppet i sentrum går ut ved indre molo, her kjenner ein ikkje til nokon problem med leidningane anna enn at desse også truleg er frå 70 talet. Det er også her fylt ut mykje masse dei seinare åra i samband med utviding av nabobedrifta.

Avløpsplan frå 2007 legg opp til at alt avløp i Hareid sentrum skal samlast til eit nytt reinseanlegg regulert ved indre molo og det har den seinare tid vore lagt nye avløpsleidningar over Pålhaugen for å sende avløpet som kjem frå Hareidsdalen dit. Det er også etablert pumpestasjon på ytre Hareid og lagt pumpeleidningar gjennom sentrum for avløpet som ikkje kan renne i sjølvfall til indre molo.

Norconsult har utarbeidd eit forprosjekt for bygging av nytt anlegg på regulert tomt der det mellom anna vart teke prøver av avløpsvatnet og konklusjonen vart å bygge eit reinseanlegg på tomta etter dagens reinsekrav. Asplan Viak har etter ein anbodskonkurranse fått oppdraget med å detaljprosjektere anlegget og utarbeide anbodspapir ut frå forprosjektet. Dei meiner no at tomta som er regulert er for lita for å ta høgde for framtidige reinsekrav som kan kome gjennom EØS avtalen og det har av den grunn vore sett på alternative løysingar for plassering av anlegget. Dei har utarbeidd eit strategidokument der dei tilrår at anlegget vert flytta til ei ny tomt på Raffelneset.

Vurdering og konklusjon:

Det er på høg tid å få bygt nytt reinseanlegg i Hareid sentrum og det er tvingande naudsnt å gjere noko med utsleppsleidningane. Sjølv om prøvene som vart teke i samband med forprosjektet viste at avløpsvatnet er svært tynt og at Storfjorden er ein god recipient er det observert meir søppel i avløpet enn tidlegare og det er også klare krav i lovverket til at avløpet skal gjennomgå reinsing. Det er derimot litt uklart kva lovkrava vert i framtida ettersom EU arbeider med eit nytt direktiv på avløp som legg opp til svært strenge reinsekrav også for kystkommunar med kort frist for oppgradering av eksisterande anlegg. Det kan uansett vere ein ide å vere førebudd på framtidige reinsekrav og sikre seg at tomta til anlegget har tilstrekkeleg plass for utviding. Som strategidokumentet viser har det vore gjort ei grundig vurdering av alternative plasseringar av anlegget. Det rimelegaste alternativet for kommunen er nok å utvide eksisterande regulert tomt på indre Hareid men dette vil i så fall skje mot viljen til nabobedrifta som seier at dei har bruk for arealet til si verksemد, det kan dermed vere betre å gå for ein annan lokasjon på Raffelneset der det grunneigarane er villige til å selje arealet frivillig eller der kommunen allereie eig arealet sjølv.

På dette grunnlaget vil administrasjonen tilrå at kommunen går i gang med forhandlingar med grunneigarar og omregulering av tomt kalla "Raffelneset 2" subsidiært andre tomtealternativ i rekjkjefølgje som tilrådd i strategidokument. Parallelt vert det sett i gong arbeid med planlegging og bygging av ny pumpestasjon og nye overføringsleidningar til nytt anlegg.

Konsekvensar for folkehelsa og Miljøkonsekvensar: Opprydding i avløpsforhold vi ha positive konsekvensar for folkehelse og miljø.

Økonomiske konsekvensar: Asplan Viak har kalkulert kostnaden for bygging av eit primærreinseanlegg til kr 99 millionar eks. mva, utviding til sekundærreinsing vil koste frå 40-70 millionar ekstra. Det er tidlegare vedteke at kommunens kostnadar knytt til avløp skal finansierast som sjølvkost 100% ved innkreving av gebyr.

Ragnhild Velsvik Berge
kommunedirektør

Øyvind Vassbotn
Ingeniør